

KOMMUNAL PLANSTRATEGI

FLORA KOMMUNE 2016-2020

Vedteke av Bystyret 21.06.16.

INNHALD

1.0	Kvifor planstrategi.....	2
2.0	Visjon og overordna målsettingar.....	2
3.0	Evaluering av eksisterande planstrategi	4
4.0	Skjematisk oversikt over planarbeid i perioden 2016-2020.....	5





1.0 KVIFOR PLANSTRATEGI

Planstrategi er ein lovpålagd oppgåve og skal vedtakast i kvar valperiode. Innan eit år etter kontinuering av kommunestyret skal Bystyret ha utarbeid og vedteke planstrategien, jfr Plan- og bygningslova § 10-1.

Planstrategien inneheld konkrete framlegg til kva for planarbeid og større planarbeid som skal gjennomførast i valperioden. Dokument inneheld også føringar for innhaldet i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunen har eit langsiktig (fire år) og eit kortsiktig (eit år) planleggingsperspektiv. Det langsiktige perspektivet skal danne grunnlaget for det kortsiktige. Det er difor sentralt at kommunen har eit system samordning av dei ulike plansystema. Fig 1. viser korleis det langsiktige påverker det kortsiktige. Det sentrale blir å lage eit system for "vekslinga" mellom dei overordna planane og årsplanegginga, dvs budsjett og handlingsprogram. Fig. 2 vise årshjulet og korleis "vekslinga" skal foregå.



2.0 VISJON OG OVERORDNA MÅLSETTINGAR.

Kommunen utarbeidde kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel første gang i 2012. Planstrategien vart så revidert i 2014. Både administrasjon og politikarar har eigarskap til desse overordna føringane, og dokumenta blir aktivt brukt i utøvande politikk. I år har Flora kommune valt å samkøyre utarbeiding av planstrategi og samfunnsdelen.

2.1 Føringar frå regional planstrategi

Føringane frå Fylkeskommunen sin regionale planstrategi (på høyring) blir følgd opp som vist i tabellen:

Fylkeskommunale mål	Flora kommune si oppfølging i samfunnsdelen. (Meir utførleg i kommuneplanens samfunnsdel).
Skape 500 nye arbeidsplassar kvart år, der det satsast på å nytte lokale ressursar, vere pådrivar i det grønne skiftet, skape mangfald i arbeidsplassar og samspel mellom kunnskapsmiljø, offentleg sektor og næringsliv.	Kap 3.2 Næringsutvikling, verdiskaping og kompetanse: <i>Flora skal vere leiande innan utvikling av framtidretta næringar basert på naturgitte føresetnader og med spesiell merksemd på mogleghetene i havrommet. I Flora skal ein vere spesielt god på å ivareta utvikling av næringslivet med merksemd på nye gründerarog knoppskyting frå næringslivet for å skape nye arbeidsplassar.</i>
Det er etablert eit forpliktande samarbeid mellom regionale og lokale aktørar for å utvikle sentra i dei største kommunane, med tiltak knytt til møteplassar, trivsel, kollektiv-, gang- og sykkeløysingar og gode arbeidsplassar med eit næringsliv i vekst.	Kap 11.2 Samarbeid utanfor kommunen: <i>Få på plass formelle samarbeidsorgan langs kysten som er godt politisk forankra i alle kommunane. Flora kommune skal ta initiativ til slikt samarbeid og dette må gjerast uansett kommunestruktur.</i> <i>-Fortsette samarbeid med nabokommunar</i> <i>-Fortsette å delta i fagnettverk og der det er naturleg søke å ha ei sentral rolle i slike nettverk.</i> <i>-Vurdere behovet for interkommunalt samarbeid i lys av kva for oppgåver vi skal løyse etter avklaring i oppgåvereform, regionreform og kommunereforma.</i>
Utviklinga av sentra er knytt til gode kommunikasjonar i bu- og arbeidsmarknadsregionar.	Kp 3.2 Næringsutvikling, verdiskaping og kompetanse: <i>Det vert viktig å sjå moglegheta for eit regionalt samarbeid om både næringsutvikling, samferdsle og som felles bu- og arbeidsområde. Då ser ein både austover og lagst kysten. Dette samarbeidet med våre nabokommunar skal stimulere til verdiskaping og attraktivitet, felles bu- og arbeidsmarknad samt bidra til befolkningsvekst på kysten og i Flora. Her vert det viktig å sikre gode samferdsleøysingar. Dette gjeld tilrettelegging for Kystvegen, Florø Lufthamn og regionale og lokale båttruter samt god kollektivtrafikk.</i>
Strategiar for å utjamne avstandsulemper, rammer for utvikling for å skape attraktivitet i mindre sentrale strøk og strategiar for å utvikle sentra skjer samstundes.	
Fylket skal tilby utdanningar med kvalitet over landssnittet, både ut frå samfunnet sitt behov og vere leiande i utdanning og skuleresultat.	Kap 3.2 Næringsutvikling, verdiskaping og kompetanse: <i>Vi skal nytte våre naturgitte fortrinn for å vidareutvikle eksisterande kompetanse og tileigne ny kunnskap for framtidens næringsliv. Her kan ein Campus Florø bidra til å sikre god samhandling mellom ulike aktørar, næringsliv, utdanning, offentleg og private i tillegg til kultur og idrett. Det vil bli naudsynt å styrke samarbeid mellom skule og næringsliv, som igjen kan sikre at ein vidareutviklar høgskuletilbod i høve næringslivets framtidige behov, sikrar lærlingplassar og praksisplassar gjennom å motivere og marknadsføre for framtidens arbeidstakarar.</i>
Fylket skal vere eit oppe og inkluderande samfunn og alle kommunane har tydelege strategiar for å inkludere innvandrarar/ tilflyttarar.	Kapittel 9.1 Innvandring og integrering: <i>Flora kommune er ein føregangskommune innan innvandrings- og integreringsarbeid i Norge. Kommunen har fokus på god språkopplering, jobb og tilgang til sosialt nettverk som reknast for å vere dei viktigaste faktorane for å lukkas med integrering. Det internasjonale mangfaldet visast tydeleg att i det offentlege- og privat næringsliv og organisasjonsliv.</i>
Folkehelse skal vere med som ein grunnleggande del i samfunnsplanlegginga og levekåra i fylket er betra.	Kap 7.1 Folkehelse: <i>I Florasamfunnet skal alle bli inkludert. Alle vil og kan bidra, noko Flora kommune og samfunnet elles aktivt legg til rette for.</i>
Fylket deltek i bygging av verdikjeder som gjev netto nullutslepp, innan bygg og ferje/ båttransport og innkjøp.	Kap 8.2 Klima og miljø: <i>Gjennom energieffektivisering, tilrettelegging for lading og fylling av transportmiddel som går på elektrisitet og hydrogen, skal utsleppet av ureining til luft reduserast.</i>
Fylket følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er tråd med nasjonale og int. målsetjingar, bl.a. Paris-avtalen (2015).	Kap 8.1 Klima og miljø: <i>Gjennom Paris-avtalen har Norge forplikta seg til å kutte 40% klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med utslepp i 1990. Det langsiktige målet er null- utslepp av klimagassar innan 2100. Flora kommune skal gjere sitt for at måla i Paris-avtalen vert nådd.</i>

3.0 EVALUERING AV EKSISTERANDE PLANSTRATEGI

Vurdering av behov for nye konkrete planar knytt til kvart kapittel i samfunnsdelen

- 3.2 Bustader: Bustadplan ref Struktr 2020
- 3.3 Næringsutvikling, verdiskaping og kompetanse: Revidering av KDP Florølandet Brandsøy, Reguleringsplan Gunhildvågen, hovedformål næring.
- 3.4 Samferdsle og infrastruktur: Utarbeiding av KDP for sykkel, Utarbeiding av KDP Indrehus-Florø (del av kystvegen), Utarbeiding av reguleringsplan for utviding av flyplassen, Revidering av trafikktryggleiksplan
- 3.5 Kultur og idrett: Revidere KDP Idrett og friluftsliv
- 3.6 Helse og omsorg: Revidere helse og omsorgsplanen
- 3.10 Kommunen som organisasjon: Struktur 2020, Strategisk kommunikasjonsplan, IT plan.

I planstrategien for 2012-2016 ligg det 35 planarbeid/prosjekt inne. Status på desse er:

Gjennomført, eller nesten gjennomført	10
Under arbeid	17
Ikkje aktuelle	6
Ikkje starta opp	2

Dette viser at planstrategien har fungert. Det er heilt naturleg at prosjekta har ulik status da dei fleste av dei er avhengig av andre vedtak for gjennomføring eller andre instansar som kommunen ikkje rår over.

4.0 SKJEMATISK OVERSIKT OVER PLANARBEID I PERIODEN 2016-2020

	2016				2017				2018				2019				Merknad	Merknad finansiering
	Jan-mar	Apr-jun	Jul-sep	Okt-des	Jan-mar	Apr-jun	Jul-sep	Okt-des	Jan-mar	Apr-jun	Jul-sep	Okt-des	Jan-mar	Apr-jun	Jul-sep	Okt-des		
Overordna																		
Planstrategi																		Lovpålagd
Kommuneplanens samfunnsdel																		Viktig å oppgradere.
Kommuneplanens arealdel	1																	Viktig å oppgradere. Lån frie midlar
Arealplanar																		
Revidering KDP Florelandet Brandsøy NY																		Viktig å oppgradere
Revidering KDP Florø Sentrum NY	1																	Vedteken av bystyret
Reg. plan Gunhildvågen			0,2		0,8													Naudsynt for næringsutv.
Reg. plan samanbinding RV5 og Havrenesvegen	0,2																	Vedteken av bystyret
Arbeid med kartlegging havområda. Samarbeid med andre kommunar NY	0,3																	Vedteke av bystyret Spleiselag nabokommunar, FK, NGU og akvakulturfond
Regplan utviding Florø lufthamn NY																		Naudsynt for utv. av flyplass
KDP Indrehus-Florø NY			0,3		0,5				0,5					0,5				Følgje opp kystveg
Temaplanar																		
Strategisk plan for kysten NY					0,2													Spleiselag FK og kystkommunane

Revisjon av Helse og omsorgsplan NY																		I samsvar med eks plan
Struktur 2020 NY	2				1													Vedteken av bystyret
Revidering av trafikktryggleiksplan NY																		Må oppgraderast pga dato
KDP Sykkel NY	0,6																	Del av sykkelbyen Statens vegvesen
Strategisk kommunikasjonsplan NY																		Viktig å gjennomføre
IT-plan NY																		Viktig å gjennomføre
Oppgradering av beredskapsplanar	0,2				0,2													Lovpålagt
Kommunal del	4,8	0	0,2	0	3	0	0	0	0,5	0	0	0	0,5	0	0	0		
Andre	0,6				0,5				0				0					
Sum	5,4	0	0,2	0	3,5	0	0	0	0,5	0	0	0	0,5	0	0	0		